



RETNINGSLINER FOR KRISETEAMET I SELJORD KOMMUNE (Vedteke våren 2011)

Psykososial omsorg og støtte ved alvorlege ulykker og krisesituasjonar

1. FORMÅL

Formålet med kriseteamet er å hjelpe menneske som har vore utsett for store kjenslemessige påkjenningar i samband med ulykker/krise/katastrofar innanfor kommunen. Kriseteamet kan og gje eit tilbod til innbyggjarar i Seljord som har vore utsett for tilsvarande opplevingar utanfor kommunen.

Trongen for krisehjelp vil variere sterkt frå person til person. Det kjem an på både den faktiske hendinga og kjenslemessige reaksjonar hos dei som er innblanda i ei ulykke/krise. I tillegg vil behovet for krisehjelp variere ut frå kva slags nettverk dei berørte har. Ein veit og at tidlegare traumatiske opplevingar vil kunne påverke dei psykiske reaksjonane etter ein dramatisk hending.

Kriseteamet kan tre i kraft ved brå /uventta død eller krise. Teamet skal kome fort i gang, og trekkje seg raskt ut som kriseteam. Kvar yrkesgruppe skal deretter arbeide vidare med individuell oppfølging i kraft av det ordinære tenesteapparatet.

Kriseteamet er ein del av Seljord kommune sin beredskap, og gir tilbod i akuttfasen.

2. ORGANISERING

Kriseteamet er tverrfagleg samansett av:
Leiar for rehabilitering og habilitering, RH
Kommunelege 1
Sokneprest
Lensmann
Barnevernsamarbeidet
Pedagogisk konsulent

Teamet organiserer seg sjølv i forhold til ulike arbeidsoppgåver internt. Kriseteamet kan kople inn andre fagpersonar ved behov.

Kriseteamet har 2 faste møte i året, elles ved behov. Leiar er ansvarleg for å kalle inn til møta.

Teamet er direkte underlagt rådmannen.

3. VARSLINGSRUTINAR

Kriseteamet sine tenester kan bli rekvirert frå lege, politi, ambulanse og brannvesen, eller helsesenter/legevaktssentral.

Den av teamets medlemmer som vert varsla, har ansvar for å kalle inn andre medlemmer. Innkalling av ytterlegare personell vert vurdert av teamet. Leiar skal **alltid** bli varsla.

4. OPPMØTESTAD/BASE

Teamet sin oppmøtestad er Kyrkjekontoret

5. KONTAKT MED MEDIA

Kriseteamet har ikkje eit sjølvstendig ansvar for kontakt med media, men Lensmann er kontaktperson for media ved større ulykker eller hendingar.

Ved større ulykker og katastrofar er det ordførar som er mediakontakt etter beredskapsplanen.

6. DEBRIEFING

Kriseteamet kan hjelpe til med debriefing.

7. OPPLÆRING

Grappa har sjølv ansvar for eiga opplæring.

Samarbeid med kriseteam i andre kommunar om opplæring og erfaringsutveksling er aktuelt.

Grappa vil kunne bidra med opplæring/rettleiing til andre i kommunen.

8. INFORMASJON OM TILBODET

Informasjon om kriseteamet skal vere tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Kontaktinformasjon/varslingsplan for kriseteamet blir sendt til alle aktuelle instansar.

Kriseteamet har sjølv ansvar for å oppdatere kontaktinformasjonen.

Aktuelle instansar:

Helsesenter/legevakt, Telemark politidistrikt, brannvesen, ambulanse, Røde kors hjelpekorps, kommunens sentralbord, rådmann, Festivalane /Dyrsku'n.

9. MEDLEMMER

Rekvirerande instans vender seg til ein av følgjande funksjonar:

Kriseteamet i Seljord kommune:
Leiar av kriseteamet:
Leiar avd. for rehabilitering og habilitering, inkl. Psykisk helse
Kommunelege
Sokneprest
Lensmann
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark
Pedagogisk konsulent

10. GJENNOMGANG

Kriseteamet har evaluering av alle saker undervegs og etter at saka er avslutta.

11. REVIDERING

Retningslinene blir revidert kvart anna år eller ved behov.